Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5892 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Vaksdal kommune
Att.: Kommunedirektør Atle Fasteland
Konsul Jebsensgate 16

5722 DALEKVAM

Revisjonsrapport nr. 9
(journalføres)

5. april 2022

REVISJONSRAPPORT 2021

Innleiing
Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2021. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og oppretthalde ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet
Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16-18.

Revisjonen gjennom året
Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Rutinar løn
Kommunen har innført ny rutine kor lønskøyringa vert sendt til godkjenning til avdelingsleiarar digitalt. Avdelingsleiarane har deretter eit par dagar på å kontrollere og godkjenne lønsfila før lønsutbetalinga skjer. Lønsansvarleg hentar attende godkjenningsoversikta før lønsutbetaling og køyrer korrigering i høve til tilbakemeldingar motteke i godkjenningsfila. Lønsansvarleg går gjennom godkjenningsoversikta og ser kven som har vore inne og kontrollert og godkjent.

Penneo Dokumentnøkkel: Y3UXK-E6231-45JN2-XHGVU-2BAYT-4WLG5

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

© Deloitte AS

Lønsansvarleg opplever forbetring av kvaliteten av lønsgrunnlaget, men er framleis ikkje heilt i mål, då det ikkje er alle som gjennomfører kontroll og godkjenning. Lønsansvarleg sender purringar etter lønskøyring for å minne om å godkjenne løn. Det er også enkelte avdelingar som førebels ikkje er omfatta av rutinen, til dømes politisk nivå/folkevalde.

Revisor vurderer at den nye rutina vil redusere risiko for feil vedrørande lønsutbetalingar. Samstundes ser vi at sjølve implementeringa ikkje er heilt på plass, og at kontrollsporet er noko unøyaktig. Vi vil oppmode kommunen om å halde fram arbeidet med å utvikle rutina og etablere kontrollspor som sikrar dokumentasjon av at kontroll er utført.

Krav på Sameiet Vaksdal Senter
Krav mot Sameiet Vaksdal Senter knyter seg til akkumulerte kommunale eigedomsgebyr og -skatt over fleire år, med i overkant av TNOK 200 i året. Samla på balansedagen 2021 er kravet i overkant av TNOK 643. Kommunen har sett eldre krav mot selskapet av til tap. Gjennom 2021 er nye krav betalt etter kvart. Revisjonen oppmoda administrasjonen, gjennom forenkla etterlevingskontroll i 2019, om å løfta saka til politisk handsaming. Kommune-direktøren vart i 2021 gjeve fullmakt til å gå i dialog med selskapet, og revisjonen vurderer oppfølginga av saka å vera tilfredsstillande.

Revisjonen av årsoppgjeret
Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2021. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendig og at eigedelar og utgifter er gyldige og eksisterer. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivingar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen, men har nokre tilhøve som vi vil påpeika.

Forskriftsbestmente obligatoriske oppstillingar av rekneskapen
Budsjett- og rekneskapsforskrifta §§ 5-4 til 5-9 fastset kva for obligatoriske oppstillingar rekneskapen skal bestå av. Revisjonen hadde ikkje motteke fullstendig oppstilling etter § 5-9 innan fristen for avlegging av rekneskapen 22. februar 2022. Oppstillinga vart endeleg ferdigstilt og oversendt 18. mars 2022. Tilhøvet har ikkje konsekvens for revisjonsmeldinga.

Klassifisering i rekneskapen
Etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-8 skal kundefordringar og leverandørgjeld presenterast på eigne liner i balansen. Dette er ikkje gjort i balansen for 2021, men administrasjonen stadfester at tilhøvet vil bli korrigert frå 2022.

Konto for tap på krav er i rekneskapen klassifisert som annan kortsiktig gjeld. Det har tidlegare år vore konkludert med at beløpet har vore uvesentleg for reklassifisering. I lys av veksten i eldre krav er revisjonen av den oppfatning at tap på krav framover bør klassifiserast som ein (negativ) fordring i rekneskapen saman med kundefordringar. Administrasjonen stadfester at tilhøvet vil bli korrigert frå 2022.

Årsmeldinga
Etter kommunelova § 14-7 bokstav f) skal det i årsmeldinga gjerast greie for kva kommunen eller fylkeskommunen gjer for å oppfylla arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26. Det er i årsmeldinga for Vaksdal kommune ikkje gjort tilstrekkeleg greie i høve krava i gjeldande lov.

Penneo Dokumentnøkkel: Y3UXK-E6231-45JN2-XHGVU-2BAYT-4WLG5

Avslutning
Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Penneo Dokumentnøkkel: Y3UXK-E6231-45JN2-XHGVU-2BAYT-4WLG5

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Unni-Renate Moe
Statsautorisert revisor
Serienummer: 9578-5995-4-99839
IP: 212.251.xxx.xxx
2022-04-05 14:02:59 UTC

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: Y3UXK-E6231-45JN2-XHGVU-2BAYT-4WLG5

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**